# Meland kommune

Blåklokka Barnehage AS
Melandsvegen 38
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | 12.03.2018 |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Mette Marei Træland | |
| Vår: 18/374 - 18/4572 | mette.m.traland@meland.kommune.no | |

# Referat frå dialogmøte med private barnehagar

## Referat frå møte med dei private barnehagane 01. 03 2018.

Desse eigarane/ eigarrepresentantane møtte:
Blåklokka barnehage A/S :Rigmor Sletten og Cecilie Hella Dahle.
Leiketun barnehage A/S: Bjarne Kvam og Magnar Hellen.
Drømmehagen barnehage A/S: Fredrik Seliusssen.
Observatør: Lita-god familiebarnehage: Liv Hopland van Der Kooij
Frå kommunen møtte:
Ordførar Øyvind Oddekalv
Rådmann Martin W. Kulild
Rådgjevar Mette M. Træland

Barnehagane fekk legge fram sakar som dei hadde meldt inn og bedt om møte i høve til.
Rigmor Sletten leia møtet.

- Barnetal/statistikk
  For å hjelpe kommunen med arbeide mot barnehagedekning på kort og lang, sikt la dei tre aktørane å leggje fram sine tankar om korleis dei kan endre drifta for å få betre barnehagekapasitet.

Dei tre barnehagane er non profitt barnehagar med lokale eigare. Drifta er under økonomisk press då tilskotet frå kommunen er lågt.

- Blåklokka nytter ikkje heile godkjenninga si per i dag. Dersom barnehagen skal ta inn fleire barn vil den byggje om barnehagen for å få betre plass til garderobe og avdelingsauke. Blåklokka har godkjenning og såleis driftsavtale for å kunne ta inn fleire barn.

- Leiketun barnehage ynskjer å byggje ut barnehagen. Dei har kjøpt tomt ved barnehagen og har høve til dette. Barnehagen vil flytte avdelinga på «Nansen» på Sagstad og utvide drifta med ein avdeling i tillegg for å kunne drifte utbygginga på Frekhaug.

- Drømmehagen barnehage har friluftsavdeling på «Drømme garden». Denne vil dei byggje ut og etablere ei gruppe til- og såleis kunne ha to utgrupper. Dette vil gjere organiseringa og finansiering av drifta meir effektiv enn i dag.

Kommunen la fram oversyn på kapasitet/ barnetal i barnehagen/ søkjarmasse til barnehageplass/ folketal Pr februar 2018.

Denne viser at Meland har god kapasitet per i dag for å kunne dekke etterspørsel etter plassar og i høve kommunen si plikt til å skaffe plassar etter Barnehageloven.

- <u>Konsekvensar av lovendringar</u>
- Barnehagane vil på grunn av lovendringar med meir pedagogisk bemanning få dyrare drift.

- <u>Kapasitet hjå barnehagane</u>
  Barnehagane har ganske stor avgang på førskulebarn i 2018,

- <u>Felles løysingar som kan presenterast kommunestyret</u>
  Barnehagane takka for dialogmøtet. Dei vil gå vidare med sine ynskjer om drift til politiske grupper i Meland.

Med helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar
referent
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Blåklokka Barnehage AS | Melandsvegen 38 | 5918 | FREKHAUG |
| Drømmehagen Barnehage AS | Floghaugane 61 | 5918 | FREKHAUG |
| Leiketun Barnehage AS | Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2A | 5918 | FREKHAUG |